

## KOMMISJONSVEDTAK

2004/EØS/9/09

av 18. mars 2002

**om fastetjing av reviderte miljøkriterium for tildeling av fellesskapsmiljømerket til fottøy, og om endring av vedtak 1999/179/EF(\*)***[meldt under nummeret K(2002) 1015]*

(2002/231/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1980/2000 av 17. juli 2000 om ei revidert fellesskapsordning for tildeling av miljømerke<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 4 og artikkel 6 nr. 1, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I medhald av forordning (EF) nr. 1980/2000 kan fellesskapsmiljømerket tildelast eit produkt som har eigenskapar som gjer at det medverkar til ei monaleg betring av dei viktigaste miljøfaktorane.
- 2) I forordning (EF) nr. 1980/2000 er det fastsett at det skal fastsetjast særlege kriterium for tildeling av miljømerke for kvar produktgruppe.
- 3) I forordninga er det òg fastsett at både kriteria for tildeling av miljømerke og krava med omsyn til vurdering og kontroll i samband med kriteria skal vurderast på nytt i god tid før slutten av det tidsrommet som dei kriteria som er spesifiserte for kvar produktgruppe, gjeld for, og vurderinga skal føre til eit framlegg om lenging, tilbakekalling eller revisjon.
- 4) Dei miljøkriteria som vart fastsette ved kommisjonsvedtak 1999/179/EF av 17. februar 1999 om fastsetjing av miljøkriteria for tildeling av fellesskapsmiljømerket til fottøy<sup>(2)</sup> bør reviderast, slik at det vert teke omsyn til marknadsutviklinga. Samstundes bør tidsrommet som dette vedtaket skal gjelde for, slik det vart lengt ved vedtak 2001/832/EF<sup>(3)</sup>, endrast.
- 5) Det bør gjerast eit nytt kommisjonsvedtak der det vert fastsett særskilde miljøkriterium for denne produktgruppa som skal gjelde i eit tidsrom på fem år.
- 6) Både dei nye kriteria som vert fastsette ved dette vedtaket, og dei kriteria som er fastsette tidlegare ved vedtak 1999/179/EF, bør gjelde samstundes i eit avgrensa tidsrom på høgst tolv månader, slik at føretak som har fått tildelt eller har søkt om å få tildelt miljømerket for

produkta sine før dette nye vedtaket vart gjort, har nok tid til å tilpasse desse produkta slik at dei vert i samsvar med dei nye kriteria.

- 7) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, byggjer på det utkastet til kriterium som vart utarbeidd av Utvalet for miljømerking i Den europeiske unionen, som vart oppnemnt i medhald av artikkel 13 i forordning (EF) nr. 1980/2000.
- 8) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå det utvalet som er oppnemnt ved artikkel 17 i forordning (EF) nr. 1980/2000 —

GJORT DETTE VEDTAKET:

*Artikkel 1*

For å kunne få tildelt fellesskapsmiljømerket i medhald av forordning (EF) nr. 1980/2000 må fottøyet høyre inn under produktgruppa «fottøy» som definert i artikkel 2, og stette dei miljøkriteria som er fastsette i vedlegget til dette vedtaket.

*Artikkel 2*

Produktgruppa «fottøy» omfattar:

Alle klednadsvarear som er utforma for å verne eller dekkje foten, og som har ein fast yttersole som kjem i kontakt med underlaget.

*Artikkel 3*

For administrative føremål vert produktgruppa «fottøy» tildelt kodennummeret «017».

*Artikkel 4*

Artikkel 3 i vedtak 1999/179/EF skal lyde:

«Definisjonen av og dei særskilde miljøkriteria for produktgruppa skal gjelde fram til 31. mars 2003.»

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 77, 20.3.2002, s. 50 er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 144/2002 av 8. november 2002 om endring av EØS-avtalens vedlegg XX (Miljø), se EØS-tillegget til De europeiske fellesskaps tidende nr. 4 av 23.1.2003, s. 10.

<sup>(1)</sup> TEF L 237 av 21.9.2000, s. 1.

<sup>(2)</sup> TEF L 57 av 5.3.1999, s. 31.

<sup>(3)</sup> TEF L 310 av 28.11.2001, s. 30.

*Artikkel 5*

Dette vedtaket skal nyttast frå 1. april 2002 til 31. mars 2006. Dersom det ikkje er vedteke reviderte kriterium innan 31. mars 2006, skal dette vedtaket nyttast fram til 31. mars 2007.

Produsentar av produkt som høyrer inn under produktgruppa «fottøy», og som alt har fått tildelt miljømerket før 1. april 2002, kan halde fram med å nytte merket fram til 31. mars 2003.

Produsentar av produkt som høyrer inn under produktgruppa «fottøy», og som alt har søkt om å få tildelt miljømerket før 1. april 2002, kan fram til 31. mars 2003 få tildelt miljømerket på dei vilkåra som er fastsette i vedtak 1999/179/EF.

Frå 1. april 2002 skal nye søknader om tildeling av miljømerket for produktgruppa «fottøy» stette dei kriteria som er fastsette i dette vedtaket.

*Artikkel 6*

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 18. mars 2002.

*For Kommisjonen*

Margot WALLSTRÖM

*Medlem av Kommisjonen*

## VEDLEGG

## MÅLSETJING

**Føremåla med kriteria**

Desse kriteria skal særleg

- minske mengda av giftige reststoff,
- minske utsleppa av flyktige organiske sambindingar og
- fremje eit meir slitesterkt produkt.

Kriteria er fastsette på ein slik måte at dei fremjar merking av fottøy som har liten innverknad på miljøet.

**Krav med omsyn til vurdering og kontroll**

Dei særlege krava til vurdering og kontroll er førde opp under kvart kriterium.

Det kan eventuelt nyttast andre prøvingsmetodar enn dei som er førde opp under kvart kriterium dersom det rette organet som vurderer søknaden, meiner at dei er jamgode.

Den funksjonelle eininga er eit skopar. Krava er fastsette på grunnlag av skonummer 40 franske stikk («Paris Point»). For barneskor gjeld krava skonummer 32 franske stikk (eller det største skonummeret dersom dette er mindre enn skonummer 32 franske stikk).

Om naudsynt kan dei rette organa krevje utfyllande dokumentasjon og utføre uavhengige kontrollar.

Dei rette organa vert rådde til å ta omsyn til gjennomføringa av godkjende miljøstyringsordningar, t.d. EMAS eller ISO 14001, når dei vurderer søknader og fører tilsyn med at kriteria vert stetta. (NB: Det er ikkje påkravd å gjennomføre slike styringsordningar).

## KRITERIUM

**1. Reststoff i sluttproduktet**

- a) Den gjennomsnittlege reststoffkonsentrasjonen av krom (VI) i sluttproduktet må ikkje overstige 10 ppm, og det må ikkje påvisast restar av arsen, kadmium eller bly i sluttproduktet (ved bruk av den metoden som er førd opp nedanfor).

Vurdering og kontroll: Søkjaren og/eller leverandøren eller leverandørane til søkjaren skal leggje fram ein prøvingsrapport som byggjer på følgjande prøvingsmetodar:

Cr(VI): CEN TC 309 WI 065 — 4.2 eller DS/EN 420 eller DIN 53314: 1996-04 (NB: Interferens kan gjere måling vanskeleg ved analyse av visse typar farga lér).

Cd, Pb, As: CEN TC 309 WI 065 — 4.3 Førebuing av prøva: 1. Skil komponentane i overdelen frå komponentane i underdelen. 2. Finmal komponentane i overdelen og komponentane i underdelen kvar for seg. 3. Analyser ei prøve av kvart av desse to preparata. 4. Stoffa må ikkje kunne påvisast i nokon av desse to prøvene.

- b) Innhaldet av fritt og delvis hydrolyserbart formaldehyd må ikkje overstige 75 ppm i tekstilkomponentane og 150 ppm i lérkomponentane i fottøyet.

Vurdering og kontroll: Søkjaren og/eller leverandøren eller leverandørane til søkjaren skal leggje fram ein prøvingsrapport som byggjer på følgjande prøvingsmetodar: Tekstilar: CEN TC 309 WI 065 — 4.4. Lér: CEN TC 309 WI 065 — 4.4.

**2. Utslepp frå framstillinga av materiale**

- a) Spillvatnet frå garveri og frå tekstilindustrien skal handsamast, anten på staden eller ved eit kommunalt reinseanlegg, slik at det kjemiske oksygenforbruket (KOF) vert minska med minst 85 %.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ein prøvingsrapport og høvelege tilleggsopplýsningar som byggjer på følgjande prøvingsmetode: KOF: ISO 6060 Vasskvalitet, fastsetjing av kjemisk oksygenforbruk.

- b) Spillvatn frå garveri skal etter handsaming innehalde høgst 5 mg krom (III)/l.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ein prøvingsrapport og høvelege tilleggsopplýsningar som byggjer på følgjande prøvingsmetodar: ISO 9174 eller EN 1233 eller EN ISO 11885 for Cr.

### 3. Bruk av skadelege stoff (fram til kjøp)

- a) Pentaklorfenol (PCP) og tetraklorfenol (TCP) og salt og esterar av dei skal ikkje nyttast.

Vurdering og kontroll: Søkjaren og/eller leverandøren eller leverandørane til søkjaren skal leggje fram ei fråsegn som stadfestar at materiala ikkje inneheld slike klorfenol. Ved ein eventuell kontroll av denne fråsegna skal følgjande prøvingsmetodar nyttast: CEN TC 309 WI 065 — 4.5: Tekstilar: grenseverdi 0,05 ppm. Lêr: grenseverdi 5 ppm.

- b) Det må ikkje nyttast azofargestoff som kan spaltast til eit av dei følgjande aromatiske amina:

4-aminobifenyl	(92-67-1)
benzidin	(92-87-5)
4-klor-o-toluidin	(95-69-2)
2-naftylamin	(91-59-8)
o-amino-azotoluen	(97-56-3)
2-amino-4-nitrotoluen	(99-55-8)
p-kloranilin	(106-47-8)
2,4-diaminoanisol	(615-05-4)
4,4'-diaminodifenylnmetan	(101-77-9)
3,3'-diklorbenzidin	(91-94-1)
3,3'-dimetoksybenzidin	(119-90-4)
3,3'-dimetylbenzidin	(119-93-7)
3,3'-dimetyl-4,4'-diaminofenylnmetan	(838-88-0)
p-kresidin	(120-71-8)
4,4'-metylen-bis-(2-kloranilin)	(101-14-4)
4,4'-oksydianilin	(101-80-4)
4,4'-tiodianilin	(139-65-1)
o-toluidin	(95-53-4)
2,4-diaminotoluen	(95-80-7)
2,4,5-trimetylanilin	(137-17-7)
4-aminoazobenzen	(60-09-3)
o-anisidin	(90-04-0)

Vurdering og kontroll: Søkjaren og/eller leverandøren eller leverandørane til søkjaren skal leggje fram ei fråsegn som stadfestar at slike azofargestoff ikkje er vortne nytta. Ved ein eventuell kontroll av denne fråsegna skal følgjande prøvingsmetode nyttast: CEN TC 309 WI 065 — 4.5:

Tekstilar: grenseverdi 30 ppm. (NB: Det er mogleg å få falske positive resultat for 4-aminoazobenzen, og difor bør resultatata stadfestast.)

Lêr: grenseverdi 30 ppm. (NB: Det er mogleg å få falske positive resultat for 4-aminoazobenzen, 4-aminobifenyl og 2-naftylamin, og difor bør resultatata stadfestast.)

- c) Følgjande N-nitrosamin må ikkje kunne påvisast i gummi:

N-nitrosodimetylamin (NDMA)  
 N-nitrosodietylamin (NDEA)  
 N-nitrosodipropylamin (NDPA)  
 N-nitrosodibutylamin (NDBA)  
 N-nitrosopiperidin (NPIP)  
 N-nitrosopyrrolidin (NPYR)  
 N-nitrosomorfolin (NMOR)  
 N-nitroso-N-metyl-N-fenylamin (NMPHA)  
 N-nitroso-N-etyl-N-fenylamin (NEPHA)

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ein prøvingsrapport som byggjer på følgjande prøvingsmetode: EN 12868 (1999-12).

- d) Kloralkan C10-C13 skal ikkje nyttast i lêr-, gummi- eller tekstilkomponentar.

Vurdering og kontroll: Søkjaren og/eller leverandøren eller leverandørane til søkjaren skal leggje fram ei fråsegn som stadfestar at slike kloralkan ikkje er vortne nytta.

#### 4. **Bruk av flyktige organiske sambindingar (VOC) under den avsluttande samanføyinga av skor**

Den samla bruken av VOC under sluttfasen i framstillinga av fottøy skal ikkje overstige følgjande gjennomsnittsverdiar for desse kategoriene:

Vanlege sportsskor, barneskor, arbeidsskor til yrkesbruk, spaserskor for herrar, vinterskor: 25 g VOC/par,

Fritidsskor, spaserskor for damer: 25 g VOC/par,

Moteskor, skor for småbarn (1-3 år), inneskor: 20 g VOC/par.

VOC er ei organisk sambinding som har eit damptrykk på minst 0,01 kPa ved 293,15 K eller ei tilsvarande fordampingsevne under dei særskilde brukstilhøva.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram eit overslag over den samla bruken av VOC under sluttfasen i framstillinga av fottøy, saman med tilleggsopplysningar, prøvingsresultat og høveleg dokumentasjon, rekna ut etter metoden CEN TC 309 WI 065 — 4.7.

Det skal først register over innkjøp av lær, lim og etterhandsamingsmiddel og over framstillinga av fottøy i minst dei siste seks månadene.

#### 5. **Bruk av PVC**

Fottøyet skal ikkje innehalde PVC. Attvunne PVC kan likevel nyttast i yttersolar dersom det ikkje er vorte nytta DEHP (bis(2-etylheksyl)ftalat), BBP (butylbenzylftalat) eller DBP (dibetylftalat) i framstillinga av attvunne PVC.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn som stadfestar at dette kriteriet er stetta.

#### 6. **Energiforbruk**

Søkjaren vert oppmoda om å frivillig leggje fram utførlege opplysningar om energiforbruket per skopar.

Vurdering og kontroll: Søkjaren vert oppmoda om å leggje fram relevante opplysningar.

#### 7. **Elektriske komponentar**

Fottøyet skal ikkje innehalde elektriske eller elektroniske komponentar.

Vurdering og kontroll: Søkjaren og/eller leverandøren eller leverandørane til søkjaren skal leggje fram ei tilsvarande fråsegn som stadfestar at dette kriteriet er stetta.

#### 8. **Emballering av sluttproduktet**

Dersom papposkjer vert nytta som ytteremballasje for fottøy, skal dei vere framstilte av minst 80 % attvunne materiale.

Dersom plastposar vert nytta som ytteremballasje for fottøy, skal dei vere framstilte av attvunne materiale.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal saman med søknaden levere inn ei prøve av produktemballasjen og leggje fram ei fråsegn som stadfestar at dette kriteriet er stetta.

#### 9. **Opplysningar på emballasjen**

##### a) *Bruksrettleiing*

Følgjande opplysningar (eller tilsvarande tekst) skal følgje med produktet:

«Desse skorne er handsama for å betre vassavstøytningsevna deira. Ytterlegare handsaming er ikkje naudsynt.»  
(Dette kriteriet gjeld berre for fottøy som er handsama med vassavstøytingsmiddel.)

«Når det er mogleg, bør De reparere skorne heller enn å kaste dei. Det er mindre skadeleg for miljøet.»

«Når skorne skal kastast, bør dei leverast inn til eit lokalt attvinningsanlegg dersom slike finst tilgjengeleg.»

##### b) *Opplysningar om miljømerket*

Emballasjen til produktet skal vere påførd følgjande tekst (eller tilsvarande):

«Fleire opplysningar om fellesskapsmiljømerket er å finne på Internett-adressa: <http://europa.eu.int/ecolabel>»

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal levere inn ei prøve av produktemballasjen og dei opplysningane som følgjer med produktet, saman med ei fråsegn som stadfestar at alle delane av dette kriteriet er stetta.

**10. Opplysningar på miljømerket**

Felt 2 av miljømerket skal innehalde følgjande tekst:

- låg luft- og vassureining,
- ingen skadelege stoff.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal levere inn ei prøve av produktemballasjen der merket er påført, saman med ei fråsegn som stadfestar at dette kriteriet er stetta.

**11. Parametrar som medverkar til auka slitestyrke**

Arbeidsskor til yrkesbruk og verneskor må vere påførde CE-merket (i samsvar med rådsdirektiv 89/686/EØF av 21. desember 1989 om tilnærming av medlemsstatenes lover om personlig verneutstyr<sup>(1)</sup>).

Alt anna fottøy skal stette dei krava som er førde opp i tabellen nedanfor.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal levere inn ein prøvingsrapport som svarar til dei parametrane som er førde opp i tabellen nedanfor, og som byggjer på prøvingsmetoden CEN TC 309 WI 065 — 4.9.

<sup>(1)</sup> TEF L 399 av 30.12.1989, s. 18.

	Vanlege sportsskor	Barneskor	Fritidsskor	Spaserskor for herrar	Vinterskor	Spaserskor for damer	Moteskor	Skor for småbarn	Inneskor
Bøyemotstand i overdelen: (kc utan synleg skade)	Tørr = 100 Fuktig = 20	Tørr = 100 Fuktig = 20	Tørr = 80 Fuktig = 20	Tørr = 80 Fuktig = 20	Tørr = 100 Fuktig = 20 -20 °C = 30	Tørr = 50 Fuktig = 10	Tørr = 15	Tørr = 15	Tørr = 15
Rivestyrke i overdelen: (gjennomsnittleg rivekraft, N)	≥ 80	≥ 60	≥ 60	≥ 60	≥ 60	≥ 40	≥ 30	≥ 30	≥ 30
Lér	≥ 40	≥ 40	≥ 40	≥ 40	≥ 40	≥ 40	≥ 30	≥ 30	≥ 30
Andre materiale									
Bøyemotstand i yttersolen:									
Riftrauke (mm)	≤ 4	≤ 4	≤ 5	≤ 6	≤ 6	≤ 8			
iss = ingen spontane sprekkar	iss	iss	iss	iss	iss ved -10 °C	iss			
Slitestykke i yttersolen:									
D ≥ 0,9 g/cm <sup>3</sup> (mm <sup>3</sup> )	≤ 200	≤ 250	≤ 200	≤ 350	≤ 200	≤ 400			≤ 450
D < 0,9 g/cm <sup>3</sup> (mg)	≤ 150	≤ 170	≤ 150	≤ 200	≤ 150	≤ 250			≤ 300
Hefteevne i yttersolen: (N/mm)	≥ 4,0	≥ 4,0	≥ 3,0	≥ 3,5	≥ 3,5	≥ 3,0	≥ 2,5	≥ 3,0	≥ 2,5
Rivestyrke i yttersolen (gjennomsnittleg rivekraft, N/mm)									
D ≥ 0,9 g/cm <sup>3</sup>	8	8	8	6	8	6	5	6	5
D < 0,9 g/cm <sup>3</sup>	6	6	6	4	6	4	4	5	4
Fargeektleik på innsida av fotøyet (føret eller innsida av overdelen). Gråskala på filit etter 50 vaskar	≥ 2/3	≥ 2/3	≥ 2/3	≥ 2/3	≥ 2/3	≥ 2/3		≥ 2/3	≥ 2/3

I tillegg skal spesielle vinterskor stette følgjande krav til vassavstøytsevne:

Overdel: inntrengingstid ≥ 240 min, absorpsjon < 25 %.

Yttersole: inntrengingstid ≥ 60 min og etter to timar ein vassabsorpsjon som er < 20 % (svært vassavstøytande — berre for visse materiale til framstilling av solar).